



Arkivsak 200911049-10
Arkivnr. 015
Saksh. Taule, Eva Katrine

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	5.12.2013

FRÅSEGN TIL HØYRING OM FORSLAG TIL ENDRINGER I PLAN- OG BYGNINGSLOVA

SAMANDRAG

Miljøverndepartementet har sendt ut forslag til endringer i plan- og bygningslova med frist 9. desember 2013. Endringane gjeld femårsregelen for detaljregulering basert på private planforslag, plan- og utgreiingsprogram, tidsfristar og forslag til rettingar og klårgjering av lovteksten. Vi vil særleg kommentera det som gjeld Regional planstrategi samt regional plan og handlingsprogram.

Dei foreslåtte endringane i plan- og bygningslova er i stor grad tilpassingar for å gjere plansystemet meir eigna, fleksibelt og effektivt. Endringa knytt til regional planstrategi og langsiktige utviklingsmål vurderar vi som ein styrking av regional planstrategi som verktøy for regional utvikling.

FORSLAG TIL VEDTAK

Forslag til endringer i plan- og bygningslova vil gjere plansystemet meir eigna, fleksibelt og effektivt. Fylkesutvalet støttar forslaget om å styrke regional planstrategi ved at strategien tek stilling til langsiktige utviklingsmål i fylket.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør Regional utvikling

Vedlegg:

Høringsbrev frå Miljødepartementet datert 09.09.2013

Høringsnotat om forslag til endringer i plandelen av plan- og bygningslova

1. Bakgrunn

Miljøverndepartementet har sendt ut forslag til endringar i plan- og bygningslova med frist 9. desember 2013. Endringane gjeld femårsregelen for detaljregulering basert på private planforslag, plan- og utgreiingsprogram, tidsfristar og forslag til rettingar og klårgjering av lovteksten. Retting og klårgjering av lovteksten gjeld fleire område. Vi vil kommentera det som gjeld Regional planstrategi samt regional plan og handlingsprogram.

2. Innhald og vurdering av dei aktuelle endringsforslaga

2.1 Femårsregel for detaljregulering basert på forslag fremja av private (§12-4 femte ledd)

I gjeldande lov må bygge- og anleggstiltak heimla i plan med bakgrunn i privat reguleringsplanforslag, ha nytt planvedtak dersom ikkje gjennomføring er satt i gang innan 5 år. Etter søknad frå tiltakshavar kan planvedtaket lengjast med inntil to år av gangen. I nytt forslag vert det lagt opp til at kommunen kan vedta ei lengre frist enn fem år, men ikkje meir enn ti år for oppstart av gjennomføring av plan. Også allereie vedtekne detaljreguleringar kan få utvida frist dersom dette vert tatt opp innafor femårsfristen. Dette kan gjerast gjennom handsaming som mindre endring av reguleringsplan.

Endringa er meint å føre til større fleksibilitet i spesielle situasjonar og konkrete saker, men slik at føremålet med å sikre oppdaterte planar for utbygging vert opprettholdt.

Vurdering:

Femårsregelen vart innført ved revisjon av plan- og bygningslova i 2009 og har enno ikkje virka i 5 år. Vi har såleis ikkje erfaring med korleis denne regelen verkar. Omsynet bak femårsregelen i plan- og bygningslova er å sikre at det vert byggja etter oppdaterte og aktuelle planar og at det ikkje vert utarbeidd detaljerte planar som vert liggjande urealisert så lenge at dei må endrast eller dispenserast frå før bygging.

Bakgrunnen for endringa er kritikk frå byggenæringa og Oslo kommune fordi dei meiner at føresegna kan få negative konsekvensar for framtidig bustad- og næringsutbygging, særleg i høve til tidsperspektiv og kostnader.

Forslaget legg opp til ein meir fleksibel ordning som gjer at kommunen kan fastsetje lengre frist dersom det er aktuelt for konkrete planar. Dette sikrar meir dynamikk og fleksibilitet i plansystemet.

2.2 Føresegner om planprogram og konsekvensutgreiingar(KU) (§§4-1, 14-2 og 12-9)

I forslaget vert det lagt opp til å opne for at det i forskrift kan gjerast tilpassingar ved handsaming av mange mindre tiltak i vedlegg II i KU-forskrifta. Det vert også foreslått endring om handsaming av planprogram med klårgjering av at kommunen kan avgjere om planprogram skal fastsetjast eller ikkje.

Bakgrunn for forslaget er behov som er kome fram i samband med gjennomgang av KU-regelverket knytt opp mot EU-direktiva om konsekvensutgreiingar. Endringane er meint å klårgjere lovføresegnene og legge til rette for meir effektiv og fleksibel sakshandsaming.

Vurdering:

Vi oppfattar endringsforslaget til å vere endring mot meir differensierte, fleksible og tilpassa sakshandsamingsreglar for konsekvensutgreiing og planprogram. Dette er positivt for tiltakshavarar, kommunal og regional forvaltning.

2.3 Tidsfrister

Det vert foreslått følgjande nye fristar ved handsaming av plansaker:

- * Frist på 12 veker for når ei reguleringsplansak bør vere ferdig handsama og fremja for kommunestyret etter høyring og offentleg ettersyn.
- * Frist på 2 veker for oversending av kommunestyrets planvedtak til saka vert sendt over til fylkesmannen.
- * Frist på 4 veker for når saka vert sendt over frå fylkesmannen til Miljøverndepartementet.

Det er ikkje knytt sanksjonar til brot på fristane.

Bakgrunn for forslaget er at einssilde planar har lang og ikkje naudsynt handsamingstid. Forslaga skal legge til rette for at ikkje saker vert liggjande i overgangen mellom handsamingsledda.

Vurdering:

Tidsbruken for planprosessar er lang og det er ønskjeleg å effektivisera prosessen. Ved motsegn kan sakshandsamingstida for den totale prosessen bli svært lang. Endringsforslaga går på å setje tidsfristar for å redusera denne perioden.

Som høyringsinstans for kommunale planar har fylkeskommunen tidsfristar for uttale, som hovudregel minimum seks veker. Ved politisk handsaming er den fastsette fristen som regel for knapp og det må søkjast om utsetjing.

Dei foreslåtte tidsfristane gjeld for overgangssonene i handsaminga, mellom offentleg høyring og handsaming i kommunestyret samt oversending til fylkesmannen og vidare til miljøverndepartementet ved motsegn.

Det er positivt med forslag om å redusera den totale sakshandsamingstida i plansaker og særleg ved motsegn. For kommunane kan likevel desse fristane vere krevjande å overhalde, til dømes to vekers frist for oversending av kommunestyrets vedtak til fylkesmannen i motsegnssaker. Vi rår til at den vert satt ved tre veker som er ordinær svarfrist etter forvaltningslova.

2.4 Regional planstrategi (§7-1)

Skildringa i lovteksten om kva regional planstrategi skal vere, vert utvida med *ta stilling til langsiktige utviklingsmål*:

«Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom vidare regional planlegging.»

Bakgrunn for forslaget er at den overordna måldiskusjonen for utviklinga i fylket bør takast i arbeidet med den regionale planstrategien. Dette heng saman med grunngevinga for val av plantema i perioden og fordi den overordna diskusjonen om viktige mål i fylket kan falle bort dersom fylkeskommunen berre vel å utarbeida temaplanar.

Vurdering:

I prosessen kring regional planstrategi i Hordaland har det vore poengtert at planstrategien ikkje er ein plan, men ein plan for planlegginga i fylket. Det har difor ikkje vert lagt opp til måldiskusjon tilknytt regional planstrategi. I gjeldande regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 er det likevel trekt opp ein utviklingsretning for Hordaland for å ivareta ein heilskapleg tilnærming som ikkje vert fanga opp i dei konkrete regionale planane som skal startast opp i perioden.

Diskusjon om heilskapleg utvikling i fylket høyrer heime i prosessen rundt regional planstrategi. Samanhengen mellom kva for regionalt planarbeid som skal setjast i gang og utviklingstrekk i fylket, blir enklare og meir naturleg når det vert sett fram konkrete langsiktige utviklingsmål. Vi ser difor positivt på denne endringa som vi meiner styrkjar det regionale perspektivet og planstrategi som reiskap.

2.5 Regional plan (§8-1)

Ordet *samtidig* vert tilføyd i lovteksten:

«Som del av regional plan skal det *samtidig* utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen.»

Bakgrunn for forslaget er å klårgjere at handlingsprogrammet skal utarbeidast samtidig med planforslaget. Dette har vore intensjonen i lova, men er oppfatta ulikt i fylkeskommunane.

Vurdering:

Konkretisering i lovteksten at det samtidig med regionalplan skal utarbeidast handlingsprogram er på sin plass, då dette ikkje har vore tydeleg og har vore oppfatta ulikt.

3. Oppsummering

Dei foreslåtte endringane i plan- og bygningslova er i stor grad tilpassingar for å gjere plansystemet meir eigna, fleksibelt og effektivt.

Endringa knytt til regional planstrategi om å ta stilling til langsiktige utviklingsmål vurderar vi som ei styrking av regional planstrategi som verktøy for regional utvikling.